

# Appendektomi – Berlin 1912

Operasjonsbeskriving på vers ser vi ikke ofte. I den tyske litteraturen har vi likevel eit eksempel, signert den tyske lyrikaren Gottfried Benn.

Oppgitte interessekonflikter: Ingen

Gottfried Benn (1886–1956) var lyrikar og essayist (1, 2). Han gjorde teneste som militærlege i to verdskrigar. I det sivile livet var han praktiserande spesialist i hud- og kjønnssjukdomar i Berlin. Diktet er henta frå debutsamlinga *Morgue*, som kom ut i 1912 og vekte skandale på grunn av temaet (3). Usminka skildringar frå obduksjonsalar og sjukessalar var nyt og sjokkerande på den tida. I diktet har kirurgen titelen «Geheimrat». Det var ein ærestittel som vart gitt framståande universitetsfolk og embetsmenn. Vi ser òg at det var prøys-saranda som regierte på operasjonsstua. Assistenten er ein yngre kollega som kirurgen passar på å setje på plass. Personen som gir anestesi er truleg ein endå yngre kollega eller kanskje ein sjukepleiar som gir eter på maske.

#### Endre Refsdal

ere@sus.no  
Ortopedisk avdeling  
Stavanger universitetssjukehus  
Postboks 8100  
4068 Stavanger

#### Litteratur

1. Benn G. Hjerner. Oslo: Aschehoug, 2000.
2. Lennig W. Gottfried Benn. Reinbek bei Hamburg: Rowohlt, 1962.
3. Benn G. Gesammelte Werke. Wiesbaden: Limes, 1968.

Manuskriptet ble mottatt 23.2. 2007 og godkjent 20.3. 2007. Medisinsk redaktør Jan C. Frich.

Diktet er omsett til norsk av Endre Refsdal og er attgjeve med løyve frå forlaget Klett-Cotta.

## BLINDDARM

Alles steht weiß und schnittbereit.  
Die Messer dampfen. Der Bauch ist gepinselt.  
Unter weißen Tüchern etwas, das winselt.

«Herr Geheimrat, es wäre soweit.»  
Der erste Schnitt. Als schnitte man Brot.  
«Klemmen her!» Es spritzt was rot.  
Tiefer. Die Muskeln: feucht, funkelnnd, frisch.  
Steht ein Strauß Rosen auf dem Tisch?

Ist das Eiter, was da spritzt?  
Ist der Darm etwa angeritzt?  
«Doktor, wenn Sie im Lichte stehn,  
kann kein Deibel das Bauchfell sehn.  
Narkose, ich kann nicht operieren  
der Mann geht mit seinem Bauch  
spazieren.»

Stille, dumpf feucht. Durch die Leere  
klirrt eine zu Boden geworfene Schere.  
Und die Schwester mit Engelssinn  
hält sterile Tupfer hin.

«Ich kann nichts finden in dem Dreck!»  
«Blut wird schwarz. Maske weg!»  
«Aber – Herr des Himmels – Bester,  
halten Sie bloß die Hacken fester!»

Alles verwachsen. Endlich: erwischt!  
«Glüheisen, Schwester!» Es zischt.

Du hattest noch einmal Glück, mein Sohn.  
Das Ding stand kurz vor der Perforation.  
«Sehn Sie den kleinen grünen Fleck? –  
Drei Stunden, dann war der Bauch voll  
Dreck.»

Bauch zu. Haut zu. «Heftpflaster her!  
Guten Morgen die Herrn.»  
Der Saal wird leer.  
Wütend klappert und knirscht mit den Backen  
der Tod und schleicht in die Krebsbaracken.

*Gottfried Benn*

## BLINDTARM

Alle står kvitkledd klar til aksjon.  
Buken er vaska til operasjon.  
Klynk under duken er avløyst av ro.

«Geheimeråden kan visst begynna no.»

Hudsnyttet, lett som robåt på flo.  
«Hit med peang!» Fontener av blod.  
Djupare. Musklane glinsar blodige  
som rauda roser, friske, frodige?

Sjå! Er det puss som sprutar fram her?  
Er det eit hol i tarmen der?  
«Høyr, doktor, her er det eg som skal  
sjå!  
Vekk frå lampen! Der kan De stå.  
Høyr her, narkose! Skal eg operera?  
Mannen skal kanskje ut og spasera?»

Brått eit klirr, og på golvet i salen  
hamnar ei saks som har slege seg galen.  
Og sjukesyster med englesinn  
fraktar sterile tupferar inn.

«Eg finn ikkje noko i all denne dritten!»  
«Vekk med munnbind og heile skiten!»  
«Men – herregud – kan De gje meg den  
glede  
å halda hakane støtt der nede?»

Alt vakse saman. Endeleg funnen!  
«Svijern, syster!» Stumpen brunnen.

Du hadde flaks som fekk operasjon.  
Tarmveggen nærra seg perforasjon.  
«Sjå på det grøne görret i skøyten.  
Om to-tre timer hadde tarmen gått  
flyøyten.»

Bukvegg og hud blir sydd i ein fart.  
Takk mine herrar!»  
Salen tømest snart.  
I vonbrot skjer Døden to tenner om  
gongen  
og snik seg inn døra til kreft-  
paviljongen.

*Gottfried Benn*